




MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - korrigerert søknad - Masfjorden - 32/97 98 99 - Bjørkeneset - 3 naust i rekke kai m kran - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 16.02.23. Saka gjeld korrigerert søknad, datert 31.01.2023 der det vert søkt om oppføring av 3 naust, båtopptrekk og 2 pirar med flytebyggjer på GBNR 32/97,98 og 99 Bjørkeneset. Søknad er korrigerert på bakgrunn av Statsforvaltaren sin klage, datert 06.10.2022, på det kommunale vedtaket i sak 092/2022.



### Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Kommunen har ikkje tatt stilling til kva dispensasjonar som er naudsynt i revidert forslag for området. Kommunen må vurdere dette, og sørge for at naudsynte dispensasjonssøknader ligg føre, før dei handsamar ny søknad.



I den reviderte søknaden har ein tatt vekk «rampe» i regulert friluftsområde, og betongkai med trebrygge og kaikran vert erstatta av opptrekk og kaipirar. Vi meiner dette er ein vesentleg forbetring frå førre søknad, med tanke på strandsoneverdiane i området.

Dei vedlagte teikningar og situasjonskartet, er uklare på kor mye av tiltaket som går ut i formål BSB, og om flytebryggene vil gå mye lengre ut i sjø, enn pirane i området. I utgangspunktet bør det omsøkte tiltaket halde seg innanfor område BBS2 i reguleringsplanen. Dei statlege interessene i saka gjeld verdiane i strandsona, og her må kommunen særleg vurdere landskapsverknadene av tiltaket.

Stasforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN